



# BØMLO KOMMUNE

Vår saksbehandler:  
Sverre Olav Svarstad

Direkte telefonnr.:  
53 42 30 52


Vår dato:  
16.04.2008

Dykkar dato:

Vår referanse:  
2008/327-7007622/2008

Dykkar referanse:

Samferdselsdepartementet  
Postboks 8010 Dep  
0030 Oslo



## UTTALE - HØGFARTSTOG NASJONAL TRANSPORTPLAN

Bømlo kommune er mottakar av ein generell førespurnad frå Norsk Bane AS om å koma med ein uttale til Nasjonal Transportplan om utgreiing av høgfartstog.

Bømlo kommune er medeigar i selskapet Norsk Bane AS og formannskapet gjorde i sitt møte tysdag 15.04.08 vedtak om følgjande uttale :

*Bømlo kommune vil sjå det som svært positivt om Norsk Bane AS i samarbeid med Deutsche Bahn kan få utarbeidd ein rapport / utgreiing om verdien av høgfartstog i Noreg til handsaming av Nasjonal Transportplan.*


*Både transportmessig og ikkje minst miljømessig, vil utbygging av høgfartstog ha stor verdi.*

Bømlo kommunestyre handsama også framlegg til Nasjonal Transportplan i sitt møte den 31.03 og gjorde vedtak om følgjande uttale:

1. *Bømlo kommune er uroa over det store etterslepet på vedlikehaldet av riksvegar som er anslått til om lag 15 milliardar. Dette etterslepet er opparbeida over lang tik og under skiftande regjeringsar. Bømlo kommune ser det som positivt at det vert gjort ein stor innsats for å rusta opp vegnettet men meiner at det i tillegg må satsast meir på investeringar i nye veganlegg.*
2. *Bømlo kommune krev at bompengesøknaden for Bømlopakken må handsamast av Stortinget innan utgangen av 2008.*
3. *Bømlo kommune krev at Bømlopakken vert prioritert med konkrete løyvingar i planperioden 2010 – 2019*
4. *Bømlo kommune krev at forskotterte midlar på 15 million kroner til Siggjarvågsjuvet vert refundert i første del av planperioden 2010 – 2013.*
5. *Bømlo kommune støttar arbeidet med å få realisert ferjefri veg mellom Stord og Bergen med bru over Langenuen som eit viktig investeringsprosjekt for vår region.*

6. *Bømlo kommune støttar at opprustninga av E 39 over Stord må gjerast ferdig før det vert førehandsbompengar på ferja Halsjørn – Sandvikvåg til utbygging av strekninga Svegatjørn – Rådalen.*
7. *Bømlo kommune støttar at E 134 må rustast opp til fullgod standard frå vest mot aust etter prinsippet rettast mogleg veg. Omlegginga av E 134 ved Røldal har høgast prioritet.*
8. *Bømlo kommune meiner at større statlege løyvingar til utbetring av det totale vegnettet er samfunnsøkonomisk gode investeringar. Det må til dels stor auke i statlege løyvingar til dersom staten sine eigne nasjonale mål for null – visjon skal nåast i rimeleg framtid. Det same gjeld løyvingar til gang og sykkelstiar.*
9. *Bømlo kommune meiner at utviklinga med aukande grad av bompengefinansiering som hovudfinansieringskjelde på nye vegprosjekt ikkje er akseptabelt.*
10. *Bømlo kommune meiner at Sunnhordland lufthamn må bli statleg, og dermed likestillast med andre småflyplassar i Noreg.*
11. *Kyststamvegen E 39 er ein særsviktig vegstrekning som må prioriterast høgt i planperioden 2010 – 2019.*
12. *Bømlo kommune krev at nye finansielle virkemiddel til finansiering av nye vegprosjekt vert vurdert, til dømes prosjektfinansiering, statlege lån og fond.*

Med helsing  
BØMLO KOMMUNE

  
Sverre Olav Svarstad  
Rådmann

Kopi til:  
Hordaland Fylkeskommune Samferdsel Postboks 7900 5020 Bergen